

*Ymse.*

Ved forsøksstasjonen er kornburet malt utvendig. I våningshus I, hvor det skal innredes et lite kontorrom, er vannledning ført inn og lagt kloakkavløp. På grunn av ominnredning har det vært nødvendig å føre opp en ny murpipe og forbedre den gamle. Omkring husene på myra er arbeidet med grøntanlegg fortsatt, og det er plantet en del trær og busker etter fylkesgartnerens plan.

Det har også i år vært en del besøkende ved forsøksstasjonen. Den 13. juli var mr. Allan Robertson fra Aberdeen, Scotland, her, og den 14. juli besøkte dr. Mihalic fra Zagreb Universitet, Jugoslavia, forsøksstasjonen sammen med forskningsassistent Arnor Njøs fra Norges landbrukshøgskole. Den 18. juli hadde vi besøk av dr. Georg Hempler og dr. H. Baule, begge fra Verkaufsgemeinschaft Deutsche Kaliwerke, Tyskland.

Som vanlig er det ved forsøksstasjonen utført nedbør- og temperaturobservasjoner og foretatt tørrstoffanalyser av potet og rotvekster.

Mære, den 14. juli 1959.

Det norske myrselskap.

*Hans Hagerup.*  
(sign.)

---

**PLANTEDYR KING PÅ MYRJORD.**

*Av forsøksleiar Hans Hagerup.*

(Framhald frå hefte nr. 4, 1959.)

**X. Rådgjerder mot frostfåren på myrjord.**

Det er i det fyregåande nemnt at myrjorda er utsett for frost og at plantane kan verta meir eller mindre skadde i vokstertida. Sterkast gjer frosten seg gjeldande i det indre av landet, mindre i kyststroka, der i alle fall den frostfri vokstertida er lenger. Lufta er fuktigare ved havet enn i innlandet og av den grunn er ikkje dagtemperaturen høg og plantane treng lenger tid for si utvikling.

Frost kan ein ikkje hindre heilt, men ymse rådgjerder som på indirekte og direkte måte kan motverke fåren og delvis unngå den, kan det vera rett å minne om. Her skal nemnast ein del punkter.

1. God og som regel allsidig gjødsling minskar frostskaade. På godt molda myr må ein likevel til korn vera varsam med nitrogen-gjødsel, helst sløyfe denne, av omsyn til legde. I legda er kornet meir utsett for frosten enn i ståande åker.

2. Tidleg såing av kornsortane då vårfrost sjeldan gjer skade på desse. Såing på telen er ikkje til hindring for eit godt resultat. Det er for mest mogleg å unngå frostskaade om hausten at tidleg såing er føremålstenleg. Her skal peikast på at kornspiren er meir utsett for skadefrost når myra er turr enn når ho er våt.

3. Tjukk og ikkje for tidleg såing av rotvokstrar.

4. Potetene må ikkje setjast for tidleg, dei bør stå i grokassane og ikkje setjast ut før telen er gått burt eller ligg djupt i ploglaget og varmen komi i myra.

5. Kål må ikkje plantast før dei verste frostnetter er gatt.

6. Val av tidlege sortar av planteslaga, og som kan nå full utvikling i vokstertida.

7. Påføring av mineraljord og tung rulling gjer myra meir varmeleidande, men tung rulling er vel mindre nytta. På godt molda myr kan det vera til skade ved å presse vekstlaget for mykje saman.

8. Høgt grunnvasstand vil motverke frostfaren, og har ein høve til oppdemming om hausten den siste del av vokstertida, kan dette hjelpe mot frost. Meir sjeldan er det vel høve til det, og myra er turr på denne tid av året. Grøftinga gjer såleis ikkje dei meteorologiske tilhøva




Fig. 4. Grafisk framstilling av temperaturobservasjonar under røyking mot nattefrost på Mæresmyra.

betre med omsyn på å hindre frost, men jordtemperaturen vert høgere og plantane vert frodigare.

9. Da frost gjerne innfinn seg i klare netter og kaldlufta samlar seg i låglendet, bør ein prøve å skaffe avlaup for kaldlufta, fyrst og fremst ved å få burt skog som stengjer.

10. Ved å lage kunstig røykdekke over myrfeltet har det ved forsøkgarden lukkast å hindre ein temperaturnedgong på 1,5—2,0 C°. Røykmiler og raudt fosfor er prøvd. Røykmilene var slike som Foss (1928) har greidd ut om. Han brukte 40 kg turr granved dekt med like mykje våt kvitmose og dessutan rå torv over. Det måtte vera minst ei mile for 100 dekar, enda var det snauvt at røyken ville leggja seg jamnt over feltet. Raudt fosfor er lettare å bruka, det er effektivt, men vil falle dyrt. Ved å brenne det på steinheller som lett kan flyttast, kan ein til ein viss grad regulere kvar røyken skal gå. Det trengs ca. 1 kg fosfor til 30—50 dekar.

Frost om sommaren er lettare å hindre enn om hausten da nettene vert lenger. Etter Hovd (1932) viser vi her resultatet med røyking som frostvern hausten 1931 (fig. 4). Termometerplasinga var 25 cm over jorda, medan kontrolltermometeret var 2 m høgt. Røykinga 25.—26. august har hindra temperaturnedgong, men ikkje frosten heilt. Over midnatt kom skyer som hindra vidare temperaturnedgong. Røykinga 3.—4. september viser at det er jamn temperaturnedgong like til morgonen, men røykdekket har vori for tunt til å hindre frost. Begge røykingane vart utført seint på året og nettene var lange så det skulle eit veldig røykdekke til for å hindre frost heilt.

Av andre måtar å lage kunstig røykdekke på skal nemnast eit finsk patent, Tauno Laines «frostavværingssapparat», modell 2 (sjå bilete). Prinsippet er her svoveltrioksyd, som føres i serskilte glasflasker og som plaseres i eit apparat der trioksydet ved spritflamme overføres i gassform, som saman med vasseimen i lufta lagar skodde. Dette er skodde av svovelsyre, og ho er tung og held seg ved jordoverflata. Apparatet er lett å bruke.

## XI. Kulturbeite på myr.

Av fleire grunnar skulle myrjorda høve godt til kulturbeite. Da ho oftast ligg i flatt lende, er det høve til ei jamn regulering av grunnvatnet, og regnvatnet som fell over myra, vil sive ned i jorda og ikkje renne burt på overflata ifall myra er godt gjennomtrengjelig. Beitevokstrane er froststerke, fyrst og fremst dei som finst naturleg i myra og som kjem i vokster når myra vert kultivert. Ved gjødslinga bøter ein på næringsmangelen og kan setja ho i stand til å gjeva godt beite. Ved å leggja kulturbeitet på myrjord kan ein frigjera fastmarksjord til vokstrar som toler lite eller ingen frost.

Beiteforsøk i nokon vidare mon, har ikkje forsøkgarden hatt høve til å drive da vi vantar buskap, og vi har heller ikkje det utstyret som er naudsynt ved så omstendelege forsøk som beiteforsøk krev. Da forsøkgarden hadde mykje udyrka myr, låg tilhøva til rette for spørsmål som stod i samband med oppdyrking til beite. Såleis vart ymse kultiveringsmåtar oppteki til prøving og likeså grøftstyrken



Tauno Laines «frostavværijingsapparat». Modell 2.

på beite. Her skal nemnast litt om resultatane med kultiveringsmåtane. Ved utforminga av desse var det naturleg å ta omsyn til myrtypen og opphæveleg vegetasjon på myra.

#### A. Myrtype og oppdyrkingsmåtar.

Myra er av grasmyrtypen — storr-brunmosemyr. Dei viktigaste storrarter var: Kornstorr (*Carex panicea*), trådstorr (*C. lasiocarpa*), stolpestorr (*C. juncella*) og gulstorr (*C. flava*). Av grasarter var det mest blåtopp, og elles raudsvingel, kvein, engrapp og fjellrapp, men desse kom ikkje til utvikling i større mon på grunn av høgt grunnvatn. Av brunmoser fanst makkemose (*Scorpidium scorpioides*), drepanocladusarter og vidare enkelte tuver av kvitmose. Av trevokstrar fanst spreidde eksemplar av selje og bjørk med liten vokster. Myra var medels molda, humifiseringsgrad H 5 i ploglaget, med tiltakande moldingsgrad i djupna. Undergrunnen var mojord og leir, myra var godt gjennomtrengjeleg for vatn. Kalkinnhaldet er medels, pH ca. 5,0.

Avdråtten av det naturlege myrbeite er liten. Berre på forsmøremaren er storrartene og andre naturlege vokstrar så smakelege at beitedyra likar dei. Ved ei vurdering på grunnlag av beiting av slik

myr, er vi komi til ein avdrått på ca. 30 fôreiningar pr. dekar. Dette ligg truleg i høgste laget, da vegetasjonen på feltet har hatt nytte av kanaliseringa. Kanalane ligg 300 m frå kvarandre og langs desse har vilkåra for plantane vori betre enn ute på myra.

Etter myrtypen låg det naturleg til rette å prøve fylgjande oppdyrkingsmåtar:

**Parsell A: Fulldyrking.**

Parsellen er fullt oppdyrka og tilsådd med beitefrø og bygg som dekkvokster.

**Parsell B: Dyrking utan pløyning.**

Mosetuver er hakka burt, buskar, kjerr og stubbar som var lette å få opp, er ruddt vekk. Overflata er horva med kvass fjørhorv for å få jord til dekking av såfrøet. Det er nytta frøblanding som for A, men utan dekkvokster.

**Parsell C: Rydjing.**

Her er sløyfa pløyning, horving og tilsåing med beitefrø. Større mosetuver og buskar er ruddt vekk, grastuver og større stubbar står att.

Grøftinga er utført eins for alle parsellar med 16 m mellom grøftene som for enga og åkervokstrane. Alle parsellar er gjødsla likt.

### *B. Frøblandinga og den botaniske utviklinga av beitet.*

Frøblandinga i tilleggsåret (1923) var 3,75 kg pr. dekar av desse plantar:

Timotei .....	1,5 kg =	40,0 %
Engrevehale .....	1,0 »	26,6 »
Engsvingel .....	0,5 »	13,3 »
Hundegras .....	0,15 »	4,0 »
Engrapp .....	0,40 »	10,7 »
Fioringras .....	0,10 »	2,7 »
Kvitkløver .....	0,10 »	2,7 »

Frøblandinga var allsidig og det har si interesse å sjå utviklinga av beiteplantane gjennom åra. Det er dyrt med allsidig beitefrøblanding, og serleg er det ymse arter som det er vanskelegare å få frø av enn andre. Høver dei ikkje i beitet er det ingen grunn til å ta dei med i frøblandinga på myr, sjølv om dei på andre stader kan koma til sin rett. Botanisk analyse av plantesetnaden på dei ymse parsellar er utført i åra 1925 og 1927 for A og B, og dessutan i 1931 for C. Avkastnadskontrollen var i åra 1927—1933. På parsellane som var frøsaðde var plantesetnaden som i tabell 30.

På parsell C som ikkje vart frøsaðd, var utviklinga av plantesetnaden som tabell 31 viser.

Tabell 30. Plantesetnaden i frøsådd beite på Mæresmyra.

Arter	Parsell A		Parsell B	
	1925	1927	1925	1927
Sådde plantar:	%	%	%	%
Timotei .....	64	19	51	18
Engsvingel .....	1	1	+	+
Engrevehale .....	27	59	24	32
Hundegras .....	1	+	+	+
Engrapp .....	2	7	2	5
Kvein .....	1	10	3	9
Kvitkløver .....	+	+	+	+
Ikkje sådde plantar:				
Raudsvingel .....	1	2	7	22
Alm. rapp og tunrapp .....	+	2	4	11
Andre plantar .....	2	+	7	2
Storr .....	0	0	2	1

Den botaniske utviklinga på parsellane som er frøsådde er så å seia lik. Timotei og engrevehale er dei dominerande plantar dei fyrste beiteåra. Begge minkar etter kvart, men timotei minkar raskare enn revehale, og i slutten av kontrollåra har meir beitesterke plantar teki største plassen i beitet. Det er mest engrapp som har gjort seg gjeldande, mindre av kvein og raudsvingel. Kvitkløver har komi att berre flekkvis, hundegras og engsvingel har gått heilt burt.

På parsell C dominerte dei fyrste åra storr, men ved senking av grunnvatnet og gjødslinga kom storr meir og meir burt (analysen 1931 skriv seg frå parsell som ikkje er beita). Raudsvingel utgjer av grasartene største prosenten, men den viker plassen relativt snart for andre plantar som får vilkår for utvikling, såleis engrapp og kvein. Rørkvein fanst flekkvis, men han kom meir burt ved beitinga og den vil ha høgt grunnvatn for å trivast. Det er engrapp som også på denne parsell tar meir av plassen i etterfylgjande år. Det synes som raudsvingel var mindre likt av beitedyra.

Med omsyn på beitefrøblanding på myr viser det seg at jorda sjølv og vokstervilkåra elles vel ut dei plantar som høver best i det lange laup. Men skal beitet raskt koma i fullgod produksjon, bør det takast med plantar som kjem raskt i vokster og gjev godt beite den fyrste tida sjølv om dei ikkje er beitesterke. Timotei og engrevehale bør difor vera med i frøblandinga. Vansken er å få tak i frø av revehale, det er liten produksjon av det og gjerne er spire-

Tabell 31. Plantesetnaden i ikkje frøsaidd beite på Mæresmyra.

Arter	1924 %	1927 %	1931 %
Timotei .....	+	+	+
Engrevehale .....	+	17	12
Raudsvingel .....	35	30	12
Engrapp .....	+	5	12
Kvein .....	+	7	46
Rørkvein .....	5	10	9
Tunrapp .....	1	14	+
Storr .....	56	16	6
Andre plantar .....	3	1	3

prosenten ikkje høg. (I eng har revehalen lett for å breie seg på grunn av tidleg frøsetting og kan da lett brei seg meir enn ynskjeleg.) Av plantar som kjem seinare i vokster, men er beitestærke, må fyrst og fremst nemnast engrapp, dinest kvein og raudsvingel. Dei to siste høver betre på turrare myrtyper og kvein synes å høve best på myr av brenntorvkarakter der timotei ikkje er mykje varig. Litt kvistkløver kan koma på tale, men om han trivst kjem seg mykje av myra, grøftinga og gjødslinga.

### C. Avkastnaden etter ulike dyrkingsmåtar.

Kontrollen med avkastnaden er utført med beitedyr, kviger i alderen 1½ til 2 år, i åra 1927 til 1935. Til samanlikning skal takast med høyavlinga frå inngjerde hausteruter etter to haustingar, men berre i fire år er desse haustingane utført. Avkastnaden går fram av tabell 32.

Tabell 32. Ulike dyrkingsmåtar av grasmyr til beite.

	Parsell A	Parsell B	Parsell C
Medelavkastnad ved beiting (8 år), f. e. pr. dekar .....	348	304	253
Relativtal .....	100	88	73
Medel høyavling ved slått (4 år), kg pr. dekar .....	727	573	420
Föreiningar etter 2,3 kg høy pr. f. e. ....	316	249	183
Avkastnad ved beiting same åra, f. e. pr. dekar .....	311	281	242



Ungdyr på dyrka beite, Mæresmyra.

Både ved beiting og slått har den fullstendige dyrkinga gjeve høgste avkastnad. Det har vori nedgong i avling di mindre påkostnadene ved dyrkinga har vori. Ved vurdering av høyet etter 2,3 kg til 1 f. e. har beiting og slått gjeve om lag lik avling for full dyrking. Dei meir ufullkomne dyrkingsmåtane har vori betre for beiting enn hausting til høy, og det er større skilnad i avkastnaden di mindre det er kosta på ved dyrkinga.

Kostnadsutrekningane i samband med desse forsøka frå 1930 åra held sjølsagt ikkje i dag, men dei relative skilnader skulle ein kunna rekna med. I høve til den fullkomne dyrkinga, A = 100, er dyrkingskostnaden for B = 76 og for C = 64. Reknar vi med at kroneverdet er redusert til 1/4 sidan 1935, dei same avlingar og same teknikk ved dyrking, kjem dyrkingskostnadene og kostnaden pr. produsert føreining utan amortisering i dag til å stilla seg om lag slik:

Parsell A.	Kr. 548	i dyrkingskostnad	pr. dekar.	23	øre	pr. f.e.		
Parsell B.	» 400	»	»	»	»	24	»	»
Parsell C.	» 340	»	»	»	»	27	»	»

Av dyrkingskostnadene er kr. 280 pr. dekar sams utgifter for dyrkingsmåtane. Med omsyn til produksjonskostnaden pr. f.e. står dei to frøsådde parsellane om lag likt. Derimot er det stor aukning i



kostnaden for den parsell som er bygd på det opphavelige plante-dekke.

Gjødslinga i forsøksstida var ikkje sterk, og varierende med åra vart gjødsla med desse mengdene pr. dekar:

15—20 kg superfosfat (7,9 % P)  
 15—20 » kaliumgjødsel (33 % K)  
 Ca. 25 kg nitrogengjødsel.

Anleggsåret vart det tilført 50 kg superfosfat.

Nitrogengjødsla vart gitt som 10 kg Odda kalkkvæve og Nittamonkalk om våren, og salpeter som overgjødsling i beitetida.

Etter desse avdråttstal skulle det til ei kvige til beite i 3 månader trengast: 1,4 dekar av parsell A, 1,5 dekar av parsell B og 2 dekar av parsell C. Mjølkekuu treng større areal. Etter røynsler med kyr i dei seinare år, og med sterkare gjødsling, skulle ei mjølkekuu i same beite-tida trenge etter tur ca. 2,1, 2,4 og 3,2 dekar.

I eit forsøk med ulike grøftestyrkar til kulturbeite på same slag myr i åra 1934—44 er og samanlikna fulldyrking og overflatearbeiding. Gjødslinga var her 65 kg pr. dekar, blandingshøvet var 25 % fosforgjødsel, 30 % kaliumgjødsel og 45 % nitrogengjødsel. Avkastnaden av beitet går fram av tabell 33.

Mellom dyrkingsmåtane er det i dette forsøket same forhold som i før nemnde dyrkingsforsøk, men det er større avlingar som fylgje av sterkare gjødsling. For grøftestyrkane er det jamn nedgong i avkastnad frå sterkaste til veikaste grøftinga, og det er ein tendens til utjamning av avlingane frå dyrkingsmåtane di veikare grøftinga er. Sterkaste grøftinga har største avkastnad, men skilnaden er ikkje stor mellom 10 og 15 m avstand, og utan her å koma inn på kostnad med grøftinga, skal ein merka at det er meiravlinga som må betale meirkostnaden ved den sterkare grøftinga. Dette må ein ha for auga ved vurderinga av kor sterkt beitet skal grøftast.

Ved dyrking av god grasmyr til beite viser det seg at fulldyrking gir det beste resultat når det gjeld avling, men overflatedyrking har produsert føreininga om lag like billeg.

Tabell 33. Ulike kultiveringsmåtar til beite i samband med ymse grøftestyrkar.

Grøftavstand	Fulldyrking		Overflatedyrking		Meiravling ved fulldyrking
	f. e. pr. dekar	Relativ-tal	f. e. pr. dekar	Relativ-tal	
10 m .....	394	100	325	83	+ 69
15 m .....	371	100	311	84	+ 60
20 m .....	327	100	279	85	+ 48
30 m .....	287	100	242	84	+ 45

Med det maskinelle utstyr som no for tida står til rådvelde for dyrkingsarbeid, skulle det ikkje vera naudsynt med pløying, men fresing av overflata vert sikkert den billegaste og mest rasjonelle framgangsmåten. På den måten får ein gjødsel og kalk godt blanda i voksterlaget, samtidig som eventuelle engplantar som opphaveleg førekjem i myra kan få vokstervilkår. Dei er meir tilpassa det herskande klima enn innkjøpt beitefrø, og rotlauparar og frø gror like godt etter fresing. Permanent kulturbeite bør grøftast sterkare enn myr til vanlege åkervokstrar dyrka i omlaup.

Andre myrtyper høver også til kulturbeite. Såleis kan nemnast gode resultat med beite frå garden Håa ved Levanger i Nord-Trøndelag. Ole Lie (1950) nemner at avkastnad på ca. 300 f. e. pr. dekar er oppnådd på kvitmosemyr. A. Sorteberg (1948) nemner frå Smøla avkastnader ved beite på lyngrik kvitmosemyr på ca. 400 f. e. pr. dekar. I fleire europeiske land var beite på kvitmosemyr dreve tidleg (Danmark og Tyskland) og her kan nemnast at tidlegare Svenska Mosskulturforeningen på sin forsøksgard Flahult alt i 1895 dyrka kvitmosemyr til beite, H. j. v. Feilitzen (1908). Kontroll av avkastnaden i seinare år ved K. Lundblad (1935) gav i medel for 20 år 250 f. e. pr. dekar.

#### *D. Næringsinnhaldet i beitegraset.*

Av beitegras frå myrjorda ved forsøks garden føreligg det ikkje mange analyser. Frå grøftefeltet er analysert gras i beitestadiet frå 15 m og 30 m grøfteteig i åra 1941 og 1942. Resultatet av analysene går fram av tabell 34 og 35.

Etter analysene har beitegraset i 1941 vori dårlegare enn i 1942, så kvaliteten skil seg etter som året er. Noko kjem vel dette av at kvitkløver gjorde seg sterkare gjeldande i det siste året og han var rikelegare til stades der det var veikast grøfta (30 m) enn der grøftinga var sterkare (15 m). I samanlikning med grasartene skil kløveranalysen ser ut med meir oske og mindre trevlar og meir protein og melteleg eggekvote i turremnet, men da dei veks saman i beite vert det blandinga som er avgjerande for kvaliteten av sjølve beitet. Skilnaden i innhald melteleg protein mellom kløver og gras i beitestadiet er ikkje stort, og difor kan det synast som kvitkløver i beitet på god grasmyr ikkje har den verdi som ein til vanleg meiner. Likevel kan ein ikkje sjå burt ifrå den nitrogensamlende evna som kvitkløver har og som kjem grasartene til nytte under voksteren. Av rein kløver skal det fleire kg til ei føreining enn av grasartene i beitestadiet, da han inneheld meir vatn.

Grøftestyrken sin innverknad på kvaliteten av beitegraset har ikkje vori serleg stor. Ei medverkande årsak til dette kan vera at prøvene er teki i juli månad og grunnvatnet har da legi lågt også på 30 m teigen. Innhaldet av turremne har oftast legi litt høgare i prøvene frå veikaste grøftinga. I 1941 var graset frå begge teigane

Tabell 34. Analyser av beitegras 1941.

(Prøven teki 10/7—1941).	15 m grøfteteig	30 m grøfteteig
	Engrapp	Blanding av engrapp, kvein, eng- og raudsvingel
Vatn i prøven, % .....	83,13	80,44
Turremne, % .....	16,87	19,56
Samansetnad av turremnet:		
Oske, % .....	7,88	7,11
Feitt, % .....	3,32	3,17
Protein, % .....	23,83	22,70
Plantetrevlar, % .....	24,78	25,97
Kvævefrie ekstraktemne, % .....	40,19	41,05
Samansetnad av proteinet:		
Melteleg eggekvite, % .....	8,06	7,67
Amider, % .....	2,90	2,35
Umelteleg eggekvite, % .....	12,87	12,68
F. e. pr. 100 kg turremne .....	58,7	58,8
Kg gras pr. f.e. med prøvens vassinnhald	10,1	8,7
Gram melteleg eggekvite pr. f. e. ....	136	131
Kg turremne pr. f. e. ....	1,70	1,70
Kg gras med 80 % vatn, pr. f. e. ....	8,5	8,5
Innhald av nitrogen og okse- deler i turremnet:		
N, % .....	3,82	3,63
P, % .....	0,63	0,65
K, % .....	2,24	2,30
Ca, % .....	0,52	0,53

kvalitativt like godt. I 1942 var kvitkløver rikare på melteleg eggekvite og fatigare på kvævefrie emne i turremnet i beitet på 30 m teigen enn på 15 m teigen. Graset var såleis ein mon betre ved sterkare grøfting. Grasartene har større proteininnhald og mindre av kvævefrie emne i beitet på 15 m teigen enn på 30 m teigen, men skilnaden er så liten at graset må seiast å vera kvalitativt like godt. Det skal her merkast at kvitkløver var langt rikelegare tilstades der det var veikt enn der det var sterkare grøfta, og det står vel i samband med at myra var mindre molda der og soleis gav kvitkløver

Tabell 35. Analyser av beitegras 1942.

(Prøven teki 17/7—1942).	15 m grøfteteig		30 m grøfteteig	
	Kvit- kløver	Engrapp og raud- svingel	Kvit- kløver	Engrapp og raud- svingel
Vatn i prøven, % .....	85,6	77,2	82,4	78,5
Turremne i prøven, % .....	14,4	22,8	17,6	21,5
Samansetnad av turremnet:				
Oske, % .....	8,3	7,9	8,5	7,9
Feitt, % .....	2,8	2,6	2,2	2,2
Protein, % .....	27,1	22,4	30,2	20,0
Plantetrevlar, % .....	17,4	23,2	20,5	24,7
Kvævefrie ekstraktene, % ..	44,4	43,9	38,6	45,2
Samansetnad av proteinet:				
Melteleg eggekvite, % .....	13,9	11,4	15,4	10,2
Amider + umelteleg eggekvite, %	13,2	11,0	14,8	9,8
F. e. pr. 100 kg turremne .....	72,9	67,1	69,3	66,0
Kg gras pr. f. e. med prøvens vassinnhald .....	9,5	6,5	8,2	7,0
Gram melteleg eggekvite pr. f. e.	190	170	220	155
Kg turremne pr. f. e. ....	1,37	1,49	1,44	1,52
Kg gras med 85 % vatn i kvit- kløver, 80 % vatn i grasartene, pr. f. e. ....	9,1	7,5	9,6	7,6

betre vokstervilkår, samtidig som kvitkløver krev og trivst betre enn grasartene ved høgt enn lågt grunnvatn.

For å få kvaliteten av beitegraset ved ulik sterk grøfting nærmare granska, må det utførast analyser til ymse tider i beitesesongen.

## XII. Voksterskifte på myrjard.

A. *Faktorar som innverkar på ordninga av voksterskifte på myrjard.*

Likesom på fastmarksjard trengs det også voksterskifte på myrjard. Einsidig dyrking av enkelte vokstrar i ei årrekkje, vil på ein eller annen måte føre til uheldige resultat. Anten vil ugraset få for stor makt, eller avlingane av ein eller annan grunn minke. Dertil kjem at vokstersjukdomane har lettare for å gjera skade enn i eit

voksterskifte. Som døme på einssidig dyrking og kva det kan føre til skal nemnast forsøk med einssidig havredyrking i samanlikning med dyrking av havre i skifte med andre vokstrar på grasmyr ved forsøkgarden Flahult, Sverige, (H. j. v. Feilitzen, 1920). Sorten var Gullregn.

	Havre i omlaup Avling pr. dekar	Havre etter havre
1. året, 1910 .....	258 kg korn	259 kg korn
3. året, 1912 .....	362 » »	303 » »
6. året, 1915 .....	291 » »	135 » »
9. året, 1918 .....	355 » »	200 » »

Der havren er dyrka i skifte med andre vokstrar har avlinga av korn haldi seg godt oppe gjennom åra, medan kornavlinga har minka der det ikkje har vori voksterskifte. Ugraset var verste hindringa for voksteren.

På Mæresmyra var det i åra 1914 til 1920 dyrka havre i 7 år på eit stykke grasmyr. Kornavlingane vart her fylgjande:

1. året, 1914 .....	146 kg pr. dekar
3. året, 1916 .....	161 » » »
5. året, 1918 .....	258 » » »
7. året, 1920 .....	223 » » »

Her var ikkje høve til samanlikning med dyrking i omlaup med andre vokstrar, men avlingane har ikkje minka, og grunnen til at denne dyrkinga ikkje kunne halde fram var at ugraset (vassarve) tok overhand.

Eng- og beiteplantane er av dei vokstrar som toler best å bli dyrka år etter år på same staden. Likevel er det naudsynt, mest for enga, å verta nya opp att etter stuttare eller lengre tid alt etter myrslaget ho vert dyrka på. Dette fordi at avlinga minkar og fordi at enguraset vert leitt så omsnudad vil vera naudsynt.

Ein viktig ting ved drifta av myrjorda er at ein må sjå til at det ikkje vert uheldig struktur i myra. Kulturar som krev mykje sommararbeiding vil, når dei fylgjer etter einannan år etter år, gjerne føre til uheldige strukturtilhøve, serleg når myra er godt molda. Engåra vil rette på desse veiler med strukturen.

Eit driftsomlaup vert meir eller mindre skiftande etter dei ulike tilhøve. Det er ei rekkje av faktorar som vil verka inn på ordninga av vokstrane i omlaupet.

#### 1. Klimatiske tilhøve.

Dei klimatiske tilhøve er i høg grad med og formar voksterskiftet. Det er naturleg at det og på myrjord vert eit meir allsidig

voksteromlaup i godt klimatisk lægje og enklare der dei klimatiske tilhøva ikkje er gode. Der nedbøren er rikeleg i høve til temperaturen, vil det vera förvokstrane som høver best, såleis i det nedbørrike klima på Vestlandet og nordetter langs kysten. I dei indre strok av landet og på Sørlandet med mindre nedbør og høgare temperatur i sommartida, kan andre vokstrar vera med i omlaupet.

## 2. Myrtypen.

Voksterskiftet på myrjorda vil variere noko etter myrtypen. På grasmyr (storr brunmosemyr) eller betre myrtyper bør eng- og rotvokstrane få stor plass. Der frosten ikkje er til hindring, kan havre og bygg takast med. Gulrot og andre spesialkulturar høver godt på denne jorda. Potet vert det mindre plass for dersom myra er frostlendt. Er ikkje frost til hinder, kan potet vera med i omlaupet. Er det avsetning for setjepotet, høver myrjorda godt til dyrking av desse, da myrjordspoteter gjerne er friskare enn poteter frå fastmarka. Enga, med timotei som den dominerande engplante, vil her innta ein stor plass, og held seg godt oppe i avling gjennom mange år.

På kvit mosemyr og andre dårlegare dyrkingsmyrar vil drifta gjerne verta onnorleis. Denne myrtypen er vanskelegare å arbeida om våren dersom det ikkje er tele i myra, likeså i sommartida med ugrasreinsking og anna arbeid i åkeren. Mosemyra høver difor godt til permanent beite. Vert ho brukt til engdyrking som ho og høver godt til, da kløver går godt på denne myra, må eng vera stuttvarig, da avlinga går raskt ned når kløveren går ut. Poteten høver betre på denne myrtypen enn på grasmyra, og gulrot kan med fordel dyrkast når myra er komen i god kultur.

## 3. Myr djupna og undergrunnen.

Det tilhøve at myra søkk saman ved grøfting og svinn smått om senn ved dyrking av vokstrar i open jord, fører med seg at drifta, vert ulike etter som myra er djup eller grunn. Er undergrunnen god så den med fordel kan pløyast opp og blandast med myrlaget når myra har svunne så mykje, vil mineraljorda gjera myra varmare og meir drivande. Litt etter kvart vil da myra koma burt og jorda få karakter av fastmark, som får same driftsomlaup som jorda elles på garden, ifall frosten ikkje hindrar det. Er undergrunnen fast fjell, må det visast varsemd med omsyn på drifta. Det er vel for det meste ute ved kysten at myrane ligg direkte på fjellet. Med djupe myrar står ein meir fritt i så måte, men er myra grunn, d.v.s. under 1 m djup, bør ho ikkje nyttast mykje til open åker. Eng og beite skånar moldemna, ja heller aukar dei i regnfulle strok. Der slik grunn

myr er dreve med kulturar i open åker gjennom lang tid, er myr- laget smått om senn svunne og til slutt har jorda vorti ubrukande til jord- og hagevokstrar.

#### 4. Om det berre er myrjord, eller både myrjord og fastmark på eigedomen.

Kor allsidig drifta kan verta på myrjorda, kjem seg og av om eigedomen har fastmark ved sida av. Er det berre myrjord er det naturleg at ein vil ha så allsidig drift som dei klimatiske vilkåra gjer mogeleg. Er det større areal fastmark ved sida av, høver det godt å leggja dyrkinga av eng- og fôrvokstrane og likeså beite til myra, og dei frostnæme vokstrane som kornet og poteten, for det meste til fastmarka. På denne måten kan myrjorda indirekte verta med- verkande til utvida korndyrking.

Ligg myra ved garden vil ho gjerne innby til allsidigare drift enn om ho ligg langt vekk. I begge tilfelle vil også beite vera naturleg, i det eine tilfelle for mjølkkyr og i det andre for ungdyr, ifall ein ikkje har sommarfjøs.

#### 5. Jordbruksdrifta elles på staden, om det er høve til å dyrka spesialkulturar og avsetnadsvilkåra.

Er det vilkår for dyrking av spesialkulturar og desse får stor plass, vil omlaupet få karakter av desse kulturane. Ein bør vera merk- sam på at dyrking av vokstrar i open åker i lenger tid, kan føre til uheldig struktur på visse myrtyper. Eng- og kornplantane er skån- same i så måte og gjer heller myra betre strukturvore sett, med rot- leivningane som plantane let etter seg. Spezialkulturar har sin plass på myrjorda der tilhøva ligg til rette for det, men dei bør dyrkast i skifte med eng.

#### 6. Husdyrgjødsla.

I grunnen høyrer ikkje gjødslinga med under utforminga av eit voksteromlaup, men da myr dyrking og husdyrhald høyrer så nær saman, skal fordelinga av husdyrgjødsla omtalast litt. Med sitt store innhald av organiske emne høver husdyrgjødsla best på fastmarks- jorda. Den som har berre myrjord, må fordele husdyrgjødsla til vokstrane på denne jorda, og det viser seg at husdyrgjødsla har sin store verdi også på myrjorda. Best høver ho til rotvokstrane her og. Til potet høver ho ikkje så godt da kvaliteten vert nedsett ved at ein får lågare turremneprosent enn utan bruk av husdyrgjødsel. Store mengder høver ikkje til rotvokstrane, difor bør ein gi husdyrgjødsel til andre kulturar, såleis til grønfôr og som overgjødsling på eng og da til nysådd eng fyrst og fremst.

*B. Døme på ymse voksterskifte.*

Den innbyrdes ordninga av vokstrane — i omlaup — kan og må etter det som er sagt frammanfor, verta ulik etter som tilhøva skifter i landet vårt. Difor kan eit skjema som vert sett opp ikkje høve alle stader. Likevel bør i dei fleste høve enga innta ein sentral plass i omlaup på myr her i landet der kombinert husdyr- og åkerbruk vert dreve. Vi skal sjå på nokre døme som knyter seg nær til drifta ved forsøkgarden på Mæresmyra. I eit slikt skjema kan ein plasera andre vokstrar etter som det høver, eller ta bort vokstrar, etter som dei ikkje høver for ulike driftstilhøve i dei ymse landsluter. Ved forsøkgarden har vi gjennom ei årrekke hatt forsøk med ulike voksterskifte og vi skal her ta med eit samandrag for 27 år, frå 1923 til 1950. Avlingane for dei ymse vokstrar er omrekna til føreiningar pr. dekar (tabell 36).

Tabell 36. Avlingar ved ymse voksterskifte på Mæresmyra 1923—1950.

Omlaup I		Omlaup II		Omlaup III	
Vokstrar:	F.e. pr. dekar	Vokstrar:	F.e. pr. dekar	Vokstrar:	F.e. pr. dekar
Havre (på ompløgd voll) ....	350	Neper .....	802	Haustrug ....	265
Neper .....	787	Grønfør (havre + erter) ..	302	Havre .....	355
Bygg (attlegg til eng) .....	375	1. års eng ....	290	Neper .....	786
1. års eng .....	282	2. års eng ....	291	Bygg (attlegg til eng) .....	369
2. års eng .....	277	3. års eng ....	276	1. års eng ....	296
3. års eng .....	257	4. års eng ....	258	2. års eng ....	296
4. års eng .....	251	5. års eng ....	237	3. års eng ....	276
Medeltal .....	368	Medeltal ....	351	Medeltal ....	378

Nr. I er eit omlaup som på fastmarksjord, med den skilnad at poteter ikkje er med på myrjorda. Denne kan godt takast med på skiftet for rotvokstrar der det høver.

Nr. II kan nyttast i distrikter der kornavl ikkje høver. Nepene går fint på ompløgd voll på grasmyr. På andre myrtyper går ikkje det.

Nr. III er eit omlaup med 58 % open åker og 42 % eng. Haustrug har gitt minste avling og høver ikkje på denne jorda og bør gå ut.

Derisom ein vil ha så mykje open åker bør havre innta rugen sin plass og grønfør brukast som oversæde ved attlegg til eng. Å leggja att i bygg høver og godt, men på godt molda myr er legde ikkje til å unngå, dertil kjem at dei isådde engvokstrar ofte kjem så frodig at byggloa turkar svert seint og kan verta årsak til dårleg berging av denne.



Som døme på voksterskifte på kvitmosemyr skal nemnast:

I.	II.
Havre (eller rug)	Havre
Poteter (eller rotvokstrar)	Grønfør (havre + erter)
Grønfør (havre + erter)	Eng
Eng	Eng
Eng	Eng
Eng	(Eng)
(Eng)	

Her er brukt grønfør som oversæde ved attlegget til eng. Brukar ein mogen oversæd, er det vår røynsle at dei sådde engvokstrar (kløver og timotei) vert så frodige at havren kjem svert dårleg, og havreloa vil ikkje turke utan at ho vert hesja ubundi. Medan mosemyra er lite molda er ein ikkje utsett for dette i så stor mon. Rotvokstrar høver ikkje så godt som poteter og dei trivst ikkje før ploglaget er komi i god kultur. Enga taper seg fort når kløveren svinn, difor er ho gjort stuttvarig.

Det fyrste omlaupet skulle høve under varmare klima medan det andre skulle vere brukande der klimaet ikkje høver godt for moge korn. Havre kan utskiftast med t. eks. poteter.

Eit forsøk med ymse voksterskifte på kvitmosemyr i Flesberg, Numedal (1957), viste at grønfør med etterfylgjande engår gav beste resultat i fyrste omlaupsbolken. Rotvokstrar og korn høvde ikkje i fyrste omgang på denne myra.

Eit alternativ for bruk av kvitmosemyr er å nytte ho til varig beite.

For myr med brenntorvkarakter (tett myr) har vi lita røynsle for korleis voksterskiftet best skal ordnast. I fyrste omgang høver det heller ikkje på denne myr å ta til med eit heller kravfullt omlaup. Stort sett kan det verta om lag som nemnt for mosemyra alt etter som dei klimatiske tilhøve er. I ulagleg klima for korndyrking kunne eit slikt voksterskifte høve:

Poteter  
Grønfør (havre + erter)  
Eng, 3 år.

Enga bør vera stuttvarig da det viser seg at ho taper seg fort når dei sådde engvokstrar kjem burt, og timotei er ikkje varig på slik myr. Da den tette myra slepper vatnet dårleg gjennom, vil plogvelta vera til hjelp ved avvatninga ei tid, men etter kvart vil kontakten med underlaget verta slutta heilt så vatnet ikkje får avlaup der, med den fylgje at avlingane går ned. Ny ompløying vil igjen rette på dette. I forsøk med ymse voksterskifte på myr med brenntorvkarakter nemner Hovd (1944) frå Aursjømyra i Verran, Nord-Trøndelag, at nepe og bygg gav mislukka avling i fyrste omgang,

medan grønfôr og eng gav etter tilhøva medels avling. Det var her ikkje vilkår for allsidig voksterskifte, i alle fall ville det ta lang tid før voksterlaget gav høve til det.

Agerberg (1956) nemner frå Brännbergmyra i Norrland, Sverige, at plantedyrkinga der var innretta på förvokstrar. Grønfôr, eng og noko bygg og havre gjekk inn i voksterfylgja. I fyrstninga vart det dyrka grønfôr eller stråsæd i 2 a 3 år og lagt att til eng tridje året. Brakk vart i ein periode lagt inn når eng vart ompløgd. I dei seinare åra er sådd bygg eller havre på vollpløgsle og sådd i frø til eng samtidig.

Osvald nemner i «Myrar och myrodling» (1937) allsidigare voksteromlaup nærmare med tanke på sudlegare strok i Sverige. Brakk går mykje godt inn i omlaupa for ugraset si skuld.

Brakk har ikkje vi med i våre voksteromlaup, det er rotvokstrane og poteter som kjem i staden, og ein skulle her få drepe ugraset. Ikkje alltid klarer ein å kverke ugraset om ein nyttar brakkvokstrar, difor kan det verta naudsynt å nytte andre rådgjerder. I dei nye ugrasmidla har vi gode hjelperåder, men det kan likevel av og til vera nyttig med brakk for å knekke vanskelege ugras (kveke og nyseryllik m. a.), serleg når det ikkje er høve til å dyrka ein vokster som toler ugrasmidla.

Vi har nytta drillbrakk mot rotugras når det vert for slemt. Måten er god, men brakkinga verkar uheldig på strukturen av myra, og serleg gjeld dette når myra er godt molda. Vi hadde i 1957 høve til å kontrollera avlinga av neper dyrka etter føregående brakking, og der det ikkje var brakka, føregrøda var der eng. Resultatet går fram av tabell 37.

Tabell 37. Avling av neper etter vollpløgsle og etter brakk 1957.

Sortar	Nepe etter vollpløgsle, f. e. pr. dekar	Nepe etter brakk, f. e. pr. dekar	Mindre avling, etter brakk, f. e. pr. dekar
Kvit mainepe .....	689	485	204
Dales hybrid .....	562	444	118
Yellow tankard .....	616	508	108

Langnepa Yellow tankard har hevda seg best etter brakk, men brakkinga har ført til at alle tri sortar har gjeve mindre både av rot og blad. For bygg og havre etter brakk har vi ikkje avlingsresultat å leggja fram, men etter det vi har sett har havre greidd seg betre enn bygg. Byggåkeren vart tunn og stråa stutte og tolde ei tolleg sterk nitrogengjødsling utan å gå i legde, noko som sjeldan elles er tilfelle på godt molda grasmyr.

### XIII. Sluttord.

Framstillinga som her er gitt av plantedyrkinga på myrjord er — som ein vil sjå — ikkje fullkomen. Her vantar såleis omtale av grøfing og jordkulturen for å få det rette inntrykket av resultatane. Det ville og vera ein fordel om dei ymse myrtyper hadde vori nærmare omtala med omsyn på oppbyggnad og eigenskaper og utbreiding i landet. Her må eg visa til meldingar og serskrifter om desse emne.

Myrane har ikkje alle stader like stor interesse som dyrkingsjord, det kan vera anna jord som bør gå fyrst. Andre stader i landet vårt utgjer myrane den største delen av jorda som det kan verta spørsmål om å dyrka. Dyrkingsverdet av myrane er ulike (Lø d d e s ø l, 1948). Storleiken av avlingane ein oppnår av kulturmidla etter innsatsen, og kor allsidig bruk ein kan gjera av myrane, er eit godt vurderingsgrunnlag for dyrkingsverdet. Sett på denne bakgrunn er storbrunmosemyr (grasmyr) og dei myrtyper som står denne nær, dei beste. Kvitmosemyrane av ulik kvalitet er ringare, og dei vanskelegaste å få til å bera avling er dei tette brenntorvmyrane. Myrane vil etter kvart koma meir i søkelyset som dyrkingsjord, også dei mindre gode. Etter det vi hittil kjenner til, vert avlingane stort sett mindre på dei mindre gode myrar og lønsemda av dyrkinga mindre ved same innsats av kulturmidler, og det tar lenger tid å få dei opp i god kultur. Det er såleis nok av oppgåver å ta fatt på i forsøksarbeidet.

Med den landevinning som er gjort med påvising av mikronæringssemna sitt store verd på dei simplare myrtyper, synes det som den kostbare j o r d b e t r i n g (innblanding av mineraljord) i mange høve kan sløyfast. Myrane vil det difor bli spørsmål om, ikkje minst som tilleggsjord til eldre bruk. I samanlikning med fastmarksjorda står ein på myrjord ikkje så fritt med omsyn på val av planteslag, men i avlingsstorleik står myrane o v e r for ymse slag vokstrar. Nyttar ein myr som tilleggsjord til fastmark, har ein høve til å ordne drifta slik at dei froststerke plantar, førvokstrar og beite, får plassen på myra, og dei frostnæme på fastmarka. På den måten vert fordelinga av arbeidet god, da myra kan stellast før fastmarka om våren.

Til bureising må ein vera streng i sitt krav til myrane sitt dyrkingsverd. Der tilhøva ligg til rette for det, bør både fastmark og myr leggjast til dei nye bruka av omsyn til allsidigare og sikrare drift.

---

## Litteratur.

I dei utgjevne meldingar frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon vil ein finne utgreiningar om forsøka som denne meldinga om plantedyrking på myrjord stort sett grunnar seg på. Det vil føra for vidt å nemne alle titlar på utgreiningane, men eg skal berre nemne forfattarane sine namn for meldingane: O. Glærum, melding nr. 1 og 2 Jon Lende Njaa, melding nr. 3 til 14, P. J. Løvø, melding nr. 7, H. Hagerup og A. Hovd, meldingane 15 til 33. Dessutan har styrarar av spreidde forsøk skrivne i sume meldingar, såleis: Johs. Narud, A. Stramrud og Harald Lunde om forsøka i Trysil og Olav Sørliie om forsøka i Land. Liste over utgjevne meldingar er prenta i «Meddelelser fra Det norske myrselskap» 1951, supplement i 1957.

Her følger liste over arbeid som er nemnd i denne meldinga og nokre andre som omhandler emnet.

- Agerberg, L.: Brännbergmyrens sättning. Statens Jordbruksforsök. Medd. nr. 77.
- Boberg, G. och Baumann, A.: Vägledning i praktisk mosskultur. Göteborg, 1922.
- Feilitzen Hj. .: Betesvallar på mossar. Svenska Mosskulturföreningens Tidsskrift 1908, s. 119.
- »— Olägenheten oafbruten hafreodling på kväverik torvfjord (lågmosse). S.M.T. 1916, s. 269 og 1920, s. 259.
- Foss, H.: Nattefrost, dens årsaker og bekjempelse. Grøndahl og Søns Forlag, Oslo, 1929.
- Freckmann, W.: Die Kultur der Niederungsmoore, s. 65. Berlin 1930.
- Glærum, O.: Dyrkings- og beiteforsøk på Møystad seter, Nybu i Vang almenning. Beretning fra Statens forsøkgard Møystad 1930 og 1937.
- Hagerup, H.: Litt om hovudkål på myrjord. Meddelelser fra Det norske myrselskap, 1941, s. 17.
- »— Gulrot på myrjord. Meddelelser fra Det norske myrselskap, 1940, s. 173.
- »— Fra ei ferd i Sverige og Finnland. Meddelelser fra Det norske myrselskap, 1939.
- Hagerup, H. og Hovd, A.: Kva myrforsøka viser. Meddelelser fra Det norske myrselskap, 1938. (Serprent).
- Hovd, A.: Røyking mot nattefrost. Melding nr. 22 (1931/32) frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon, s. 36.
- Hasund, Sigv.: Myr dyrking. Grøndahl og Søns Forlag, Oslo, 1910.
- Laine, Tauno: Hallantorjunta koheiden valossa, 1948. Report in English. Landbruksboken 1919, Aschehous Forlag, Oslo.
- Lende-Njaa, J.: Myr dyrking. Grøndahl og Søns Forlag, Oslo, 1924.
- Lie, Ole: Fra mosemyr til åker og eng. Meddelelser fra Det norske myrselskap, 1950.
- Lundblad, K.: Betekontroll. Svenska Mosskulturföreningens Tidsskrift, 1935.
- Løddesøl, A. a. og Lid, J.: Myrtyper og myrplanter. Grøndahl og Søns landbruksskrifter nr. 39, Oslo 1950.
- Løddesøl, A. a.: Myrene i næringslivets tjeneste. Grøndahl og Søns Forlag, Oslo 1948.
- Nissen, Ø. og Skaland, N.: Silonepe. Dyrkings-, ensilerings- og fordøyelsesforsøk. Forskning og Forsøk i landbruket, 1958.
- Osvald, H.: Myrar och myrodling. Kooperative Förbundets Bokförlag, Stockholm 1937.
- Saloheimo, L.: Finska Mosskulturföreningens Årsbok, Karelska försöksstationen, Helsingfors 1940.

- Sorteberg, Asbjørn: Melding fra Ny Jord's forsøksgård på Smøla. «Ny Jord» 1947 og 1948.
- Statistisk Sentralbyrå: Jordbrukstillingen i Norge 1929 og 1949.
- Statens Kornforretning: Klimatabeller i landbruket.
- Vesikivi, A.: Finska Mosskulturförningens Årsbok. Forsøksstasjonen Leteensuu, 1938.
- Vik, K.: Forsøk med engvekster og engdyrking. Forskning og forsøk i landbruket I, 1955.
- Werth, J. A.: Gartenbau auf den verschiedenen Moorarten. Paul Parey, Berlin 1931.
- Ødelien, M.: Mikronæringsstoffer og sporstoffer. Bor og kopper m. fl. i jord og hagebruk. Oslo 1943.

---

## NORGES LANDBRUKSHØGSKOLE 100 ÅR.

Grunnpillaren i norsk landbruksforskning og undervisning — Norges Landbrukshøgskole — feirer i år 100-års jubileum. Denne store begivenhet ble markert allerede ved høgskolens vakre og instruktive stand på Landbrukets jubileumsutstilling i sommer, hvor også flere av høgskolens institutter hadde egne utstillinger fra sine spesielle fagområder sammen med andre institusjoner.

Selve jubileumsfestlighetene ved Landbrukshøgskolen ble innledet den 4. september med mottakelse av gratulanter i høgskolens festsal. Her ble det fremført en rekke hjertelige hilsener til jubilan-ten både fra inn- og utland, og dessuten overrakt mange og store gaver med varme ønsker om fortsatt rik utvikling for høgskolen.

Det egentlige festmøte ble holdt i Studentsamfunnets festsal den 5. september, hvor H. M. Kong Olav og H. Kgl. H. Kronprins Harald var æresgjester. Representanter for regjering og storting, akademiske søsterorganisasjoner i inn- og utland og for landbruksforskning, økonomiske og faglige organisasjoner og industrier knyttet til landbruket, var også tilstede som gjester og dessuten mange, mange andre.

Høytideligheten ble åpnet av forfatteren Inge Krokan som leste sin mektige prolog: «Homo Sapiens, Homo Faber». Høgskolens rektor, professor dr. Håkon Wexelsen holdt så festtalen og ga interessante glimt fra høgskolens historie, dens arbeidsområde, undervisningen og forskningen og dessuten om fremtidsopp-gavene.

Et viktig innslag i festmøtet var dessuten utnevnelsen av 8 utenlandske vitenskapsmenn til æresdoktorer (doctores agriculturae honoris causa) ved høgskolen. Likeså ble promovert 17 av høgskolens egne landbruksvitenskapelige doktorer (doctores agriculturae). Det kan her nevnes at flere av de nyutnevnte æresdoktorene holdt i alt 6 gjesteforelesninger over utvalgte emner innen landbruksvitenskapen i forbindelse med jubileet.

Til ære for jubilan-ten holdt Det kgl. Landbruksdepartement den 5. september stor middag på Akershus slott for en